



Voss herad

Eit innblikk i HMS-arbeidet i Voss herad: HMS-avvik, sjukefråvær, og HMS- rådgjevar sitt arbeid

Administrasjonsutvalet, 29.01.2026
Eolo Ulrich, HMS-rådgjevar

HMS-avvik

- **Kva er eit HMS-avvik?**

- Eit HMS-avvik er eit brot på krav eller etablerte rutinar, eller ei uynskt hending, som har hatt – eller kunne ha hatt – konsekvensar for helse, miljø eller tryggleik

- **Formål med registrering av HMS-avvik?**


- Avdekke risiko og uynskte hendingar
- Lære av det som skjer
- Førebyggja skadar, sjukefråvær og alvorlege hendingar
- Forbedra arbeidsmiljø og kvalitet i tenestene

- **Døme på HMS-avvik (dikta)**

- Ein SFO-tilsett sklir på glatt skuleplass som ikkje var strødd, og slår seg
- Tiltak: Innføre tydelegare rutinar for strøing og gjere broddar tilgjengelege for tilsette når skuleplassen er isbelagd




Utvikling i tal registrerte HMS-avvik



- I 2025 var det registrert 1317 HMS-avvik i avvikssystemet vårt. I 2024 var talet 1386
- September er månaden med høgast tal på HMS-avvik (158 i 2025 og 180 i 2024)
- Eit høgt tal på HMS-avvik betyr at det vert jobba systematisk, og at arbeidsplassen har låg terskel for å melde avvik og bruke dei aktivt i forbetningsarbeidet




Oversikt over registrerte HMS-avvik i 2025, fordelt etter alvorsgrad



- Dei fleste HMS-avvika har låg (859) eller middels (396) alvorsgrad
- Det er registrert 62 HMS-avvik med nivået høg, sjølv om nivået i fleire tilfelle kunne ha vorte nedjustert i etterkant

Oversikt over registrerte HMS-avvik i 2025, fordelt etter kategoriar




- Vald og truslar mot tilsette er den desidert mest brukte kategorien, med 673 HMS-avvik
- Dette gjeld episodar som har skjedd i omsorgsbustader eller på skular, t.d. truslar, spytting, sparking, kloring, biting og utagering



Voss herad

Oversikt over registrerte HMS-avvik i 2025, fordelt etter avdeling




- Det er helse og omsorg (667) og oppvekst (571) som er dei kommunalavdelingane som har registrert flest HMS-avvik i 2025

Vegen vidare for arbeidet med HMS-avvik

- **Målet for vegen vidare:**
 - auke forståinga for HMS-avvik
 - styrkja meldekulturen
 - redusera underrapportering og stimulera til meir førebygging og læring i heile organisasjonen, med særleg merksemd på einingar som i dag melder få eller ingen avvik
- **Planlagde tiltak:** Utvikling av ny, digital opplæring som skal gje tydeleg og praktisk rettleiing i:
 - kva som er eit HMS-avvik
 - korleis ein melder avvik
 - korleis leiarar handsamar avvik
 - kvifor avviksmeldingar er viktige for læring, forbetring og tryggleik

Sjukefråvær over tid i Voss herad vs. kommunal sektor i Noreg

Sjukefråværs
prosenten
skal vera
lågare enn
snittet i
kommunal
sektor



Mi rolle som HMS-rådgjevar

- Støtta leiarar og verksemda i systematisk og førebyggjande HMS-arbeid
- Skapa samanheng og henta ut synergjar på tvers av organisasjonen
- Bidra til læring, erfaringsdeling og vidareutvikling av god praksis
- Effektivisera og fasilitera HMS-prosessar
- Sikre medverknad gjennom dialog og samarbeid med vernetenesta og dei tillitsvalde
- Halde meg fagleg oppdatert og hente inspirasjon frå beste praksis, både internt i verksemda og gjennom regionale nettverk for HMS-rådgjevarar, samarbeid med andre kommunar og dialog med relevante aktørar som NAV og Arbeidstilsynet

Døme 1: HMS i små dosar

«HMS i smådosar» er eit periodisk, kort og konsist blick på HMS-området – til inspirasjon, refleksjon og praktisk nytte i leiarkvardagen

Kvar gong får leiarane eit utval av:

NEW **Nytt frå HMS-feltet:** endringar, aktivitetar, og oppfrisking i relevante tema

-  **Gode døme og historiar frå verksemda**
-  **Refleksjonsspørsmål** dei kan ta med seg inn i leiarrolla
-  **Lenker og verktøy** dei kan nytta direkte i arbeidet sitt
-  **Påminningar** om viktige fristar og rutinar

Målet er å gjera HMS meir tilgjengeleg, relevant og handterleg, utan å ta mykje av tida til leiarane



Døme 2: Felles ramme for risikovurdering for vald og truslar i vossabarnehagen

- «Arbeidsgiver skal kartlegge forhold ved arbeidssituasjonen som kan medføre at arbeidstaker blir utsatt for vold og trussel om vold» ([Forskrift om utførelse av arbeid - Kapittel 23A](#))
- Om lag 90 % av risikofaktorane er felles for alle barnehagar
- I staden for å lage 11 separate risikovurderingar, kan me utarbeide ei felles ramme for risikovurdering
 - Me samlar ressursane, effektiviserer prosessen og alle får nytte av arbeidet
- Etterpå kan kvar barnehage justera og tilpassa vurderinga til lokale forhold

Døme 3: Prosjekt «saman om gode arbeidsdagar»

- «**Saman om gode arbeidsdagar**» er eit lokalt initiativ i helse og omsorg som har som føremål å styrkja partsamarbeidet mellom leiing, tillitsvalde og verneombod. Prosjektet tek utgangspunkt i at godt partsamarbeid er ein sentral nøkkel for å førebyggja og løysa arbeidsmiljøutfordringar
- Eg deltek i prosjektet for å sikra at erfaringar og perspektiv frå arbeidet vert løfta til eit overordna nivå og nytta i vidare utvikling av arbeidsmiljøarbeidet i heile organisasjonen

